



Referat frå styremøte - Seljord Idrettslag 29.05.2017

Til stades: Tellef Solås, Hans Inge Hagen, Camilla Johansen, Randi Øygarden (ref).
Fotballgruppa og sykkelgruppa v/Kai Arne Slåkvik, handballgruppa v/Solfriid Bjørge,
skigruppa v/Terje Øverland, friidrettsgruppa og ridegruppa v/Gunn Helga Vindfjell.
Fråfall: A-laget.

Sak 29/17 Godkjenning av referat frå styremøte 08.05.2017

Referat gjennomgått og godkjent

Sak 30/17 Lista over ringerundar til Dyrskulistene må vere klar med namn til møtet

Undergruppene kjem med namn på sine deltakarar, lista blir fylt ut. Startar opp i morgon.

Sak 31/17 Vaksentrimmen med årsmøtevedtak – kva gjer vi?

Hans Inge har hatt ute ein undersøking ang. interesse for dette, det var få interesserte. Ein ser då at det vil bli vanskeleg å danne eit styre, med alt det inneber, for denne gruppa. Det kjem forslag om å forsøksvis legge denne til same gruppe som barne og ungdomsidretten, som ein vaksen/seniortrim. Ein vil da få eit tilbod med varierte aktivitetar, der ein satsar på ei trening i veka. Ein treng litt hjelp av dei forskjellige undergruppene til å arrangere dei forskjellige treningane.

Sak 32/17 Nye økonomirutiner der vi kutter ut alle bankkonti til Sil bortsett frå driftskonto og bruker KlubbAdmin fullt ut til alle innbetalingar frå medlemmene

Oppfordrar alle undergruppeleiarar om å gjere seg kjent med Visma og KlubbAdmin programmet og begynne å bruke det. Dette lettar jobben mykje.

Kjem til å avslutte alle SIL sine bankkonti (ventar noko med NC-kontoen) og at alle etter dette kun brukar driftskontoen 2711.05.01272.

Pengar frå f.eks kiosksal o.l. skal settast inn på driftskonto. Ein må då ta bilde av kvitteringa og sende dette på mail til: faktura@seljordidrettslag.no, saman med ein tekst om kvar pengane kjem frå. Tellef lagar ein mal på korleis det skal gjerast, dette blir likt for alle undergruppene.

Sak 33/17 Rapport frå undergruppene med årshjul handlingsplan og økonomi (undergruppene går sjølve inn på Visma)

Årshjul:

12. Sende ut treningsgebyr fotballgruppa: blir gjort til veka.
13. Sende ut treningsgebyr friidrettsgruppa: blir sendt ut når ein har hatt litt fleire treningar for å sjå kor mange som blir med.
14. Sende ut treningsgebyr sykkelgruppa: blir sendt ut straks.
16. Ringerundar mannskapslistene Dyrskun: startar denne veka.

Handlingsplan

Hovudstyret:

3. Ungdomsstyret: Har fått inn 17 kandidatar så langt. Ein ønsker fleire, ca 20-30 totalt for å gjere ei avstemning til slutt, reknar med at denne blir etter sommaren.



5. Registrere aktivitet: Over 300 aktivitetar er registrert til nå, oppfordrar til å fortsette med det gode arbeidet! Fortsatt nokon som ikkje har starta, men reknar med at det gjeng seg til etter kvart.
6. Idrettsfritidsordning: kommunen er positive til dette.

Økonomi:

SIL har fått tildelt gåvemidlar frå Sparebanken Din, dette fordelar seg slik;

- kr 150.000,- garasjeanlegg og scooter Raudkleiv
- Ridegruppa kr 15.000,-
- Raudkleiv Upp kr 5000,-

Sponsoravtala med Sparebanken Din er fornya for eit år, kr 70.000,-

Det er tegna ei avtale med Seljord kommune ang bruken av Eventyrøy, kr 60.000 i året.

Fotballgruppa:

1. Kvalitetsklubb – Arve og Kai har jobba ein del med dette, krever ein del tid. Har kome godt i gang.
2. Verdiarbeid – treng meir tid.
3. Rammer rundt fotballen i SIL – den nye tribunen er på plass! Ansvarleg for kiosk og for klubbhuset er satt opp. Planer om å sette opp skilt ved vegen for å annonsere kampar. Ønsker seg nytt musikkanlegg for å skape stemning under kampane, Kai ser på dette og kjem med eit kostnadsoverslag etterkvart.

Handballgruppa:

Har vore på vennskapsturnering i Rjukan med treningskampar, sosialt samvær og bading i Rjukanbadet.

Ønsker å ta i bruk Vipps.

Skigruppa:

Det er oppretta ei ny gruppe i Vest-Telemark: "Vest-Telemark ski" i regi av Mikkel Vadder.

Denne gruppa har arrangert fleire rulleskitreningar allereie og har hatt 13-14 deltakarar over 13 år.

Rulleskitrening for utøvarar under 13 år startar opp i juni.

Jobbar med å skaffe trenarar.

Friidrettsgruppa:

4. Trening – det har vore ein knallstart på friidrettstreningane, totalt 53 ungar møtte på første trening! Alle som var med fekk treningsbok til å føre tider og resultat i og dette blei godt mottatt. Flatdal og Åmotsdal IL var invitert, noko dei gav uttrykk for at dei satte pris på. Det var mest born under 13 år som møtte, ein vil forsøke å lage eit ana opplegg for dei større borna etter kvart.

Raudkleiv upp: Forslag om å få fotballtrenarane til å motivere spelarane sine til å melde seg på.

Kanskje dra i gang ein liten konkurranse mellom laga ift kva lag som klarer å få flest påmeldte?

Kai tek dette vidare.



Ridegruppetta:

Høysesong nå, reiser på mykje stemne, har hatt gode resultat.
Fleire aktive utøvarar enn det har vore på mange år!
Jobbar med ny avtale med hestesenteret.

Sykkelgruppetta:

1. Kanalritt – Deltok på kanalrittet, 25 stk frå Seljord, med påfølgande sosialt samvær på Wassana's etterpå.
Skal også på ritt Åmot-Bø i juni og grenseritt.

Sak 34/17 Forslag til styremøtedatoar 2. halvår 2017 på måndagar: 7/8, 2/10, 6/11, 4/12 og 18/12 fellesavslutning med utarbeiding av målsettingar for 2018

Ein går inn for desse datoane, styremøta blir fortsatt på måndagar er det problem for styreleiar i dei enkelte undergruppene å møte går det greitt om ein av dei andre i styret møter i staden.

Neste møte blir man 07.08.2017 kl. 19.00.